



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE SÆRUTSKRIFT

Møte: 17. mars 2015 kl. 09.00 – 11.30
Stad: Rådhuset
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Anna K. Valle, Rolf Henning Hegland, Kåre Østrem – vara for Unni Andersen Sæbø og Kåre Mestad – vara for Odd Leif Mjøs (nestleiar)
Forfall: Odd Leif Mjøs (nestleiar) og Unni Andersen Sæbø
Innkalla: Ordførar til sak 12/15 og rådmann til sak 13/15
Frå revisjonen: Line Magrete Johansen og Merete Solheim Larsen
Sekretær: Bent Gunnar Næss

14/15 Selskapskontroll – Lindås Tomteselskap AS – rapport frå revisjonen

Sakstilfang: Selskapskontroll Lindås Tomteselskap AS

Revisjonen presenterte rapporten i møte.

I rapporten er der følgjande tilrådingar:

«Revisjonen tilrår at Lindås kommune:

- 1. sikrar at styrerepresentantar, også dei som ikkje er folkevalde, får tilbod om opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar*
- 2. utarbeider retningsliner for revisjon av eigarskapsmeldinga for kommunen*
- 3. reviderer eigarstrategien for Lindås Tomteselskap AS for å sikre at den vert i tråd med eigar sine krav og forventningar*
- 4. utarbeidar retningsliner for val av styrerepresentantar som inkluderer kompetansekrav til profesjonelle styrar i samsvar med KS sine tilrådingar*
- 5. utarbeider retningsliner for å sikre og kontrollere at krav i eigarskapsmeldinga blir etterlevd av selskapa*
- 6. sett krav til dokumentasjon frå Lindås Tomteselskap AS som gir grunnlag for å vurdere om avkastningskravet til selskapet er nådd*
- 7. utarbeider ein utbyttepolitikk for Lindås Tomteselskap AS*

Revisjonen tilrår at Lindås Tomteselskap AS:

- 8. vurderer å innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:
o Gjennomføre eigenevaluering for styret
o Utarbeide retningsliner for handtering av habilitetsspørsmål i selskapet
o Slutte seg til KS sitt styrevervregister*
- 9. gjennomgår og dokumenterer selskapet sine rutinar for innkjøp for å sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar*
- 10. gjennomfører ei heilskapleg analyse for å dokumentera at Lindås Tomteselskap AS ikkje er underlagt offentleglova*
- 11. utarbeider skriffilege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningsliner for rapportering om avvik frå budsjett»*



Lindås kommune

Samrøystes vedtak:


Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak.

Knarvik 17.03.2015


Øystein Reidar Moldeklev, leiar


Bent Gunnar Næss, sekretær